



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for juli og august 2018.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
54



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Vegard Gjerde  
Visepres: Bjørn Teigene  
Sekretær: Knut Strømsjordet  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Sverre Jarl Ulstein  
Styremedlem: Oskar Grimstad  
Ansv.red.: Åge Nytun  
Referent: Åge Nytun

---

---

## *Høysommer*

Nu bølgjer Engene mørkerøde,  
silkeblanke og silkebløde  
i Sommervind,  
nu staar Jasminen saa blomsterhvid  
og skjær, for nu er det Høisommertid,  
Høisommertid i mit Sind.

Nu piber Svalen i lyse Kvelde,  
mens Solen synker bag Hei og Fjelde  
i guldrød Glans,  
nu dufter Løvet i Skog og Krat  
den varme Dag og den lyse Nat  
- deilig er du, Sankte-Hans.

*Hans Reynolds*

---

## **Rotarymøte i juli 2018.**

I juli var det ikkje ordinære møte med program, men den som ønskte det, kunne møtast for sosialt samvær.

## **Referat frå Rotarymøte 6. august 2018.**

Vår påtroppande president Vegard Gjerde ønskte velkomen til første møte i det nye rotaryåret.

Til opning song vi "Dei vil alltid klaga og kyta" av Ivar Åsen

Presidenten orienterte så om ting som skal skje framover:

Distriktskonferansen vert i år på Vestnes frå 21. til 23. september.

Vi har fått invitasjon til oktoberfest den 20. oktober i Ålesund.

Det er klubbane i nordre del av Sunnmøre som gjerne vil bli betre kjent med oss i søre delen.

Guvernørbesøket vert den 3. desember.

Sverre Ulstein fekk så ordet og fortalde om erfaringane med geitehald langs rotarystien.

Vi lånte to geiter frå Hjartåbygda i Austefjorten, dei kom hit ca. 1. juli.

Vi fekk litt opplæring /informasjon på førehand, men fekk likevel erfare at på dette området hadde vi lite kunnskap og ingen erfaring. Det var tre usynlege gjerde, og det fjerde var elva som avgrensa det området geitene skulle kunne bevege seg innanfor. Dei hadde klavar som gav elektriske støyt dersom dei kom utanfor merka område. Geitene gjekk mykje i lauvskog, og der fungerte ikkje klavane som dei skulle, og dermed kom geitene utanfor det området sitt, ja, det hende at ein måtte heilt ned til Hareid sentrum for finne dei att. Vi har no fått betre klavar med betre signal, så det fungerer noko betre no. Geitene held seg mykje i enden av Grimstadvatnet, det virkar som dei trivst best der.

Dei blir lett skremde, spesielt av syklistar som kjem raskt på dei, og det hender også at dei fylgjer etter folk som brukar stien. Etter planen vert den eldste geita skifta ut til neste år, den andre på 1 ½ år satsar vi på vidare i lag med eit nytt kje.

## **Referat frå Rotarymøte 13. august 2018.**

Presidenten ønskte velkomen til møte og til opning song vi "I sommarens soliga dagar".

Dagens program var det presidenten som stod for, og temaet var Hareid Idrettslag.

Hareid Idrettslag vart starta 28.12.1922 med mottoet "Ei sunn sjel i ein sunn lekam".

Årsmøte er på toppen i organisasjonen, styret vert valt på årsmøtet og har hovudansvaret for drift av laget. Formann er Vegard Gjerde, i tillegg er det nestleiar og tre styremedlemmar og to vara. Dagleg leiar i laget er Anita Waage.

Idrettslaget har seks undergrupper: trimgruppe, friidrettsgruppe, turngruppe, handballgruppe, badmintongruppe og fotballgruppe, alle med eigne styre og eiga økonomistyring.

Laget har totalt 816 medlemmar, dei har ca. 110 til 120 frivillige som er engasjerte på ulike måtar og som stiller etter behov. Idrettslaget har fokus på å ha ein sunn økonomi og ei trygg og god økonomistyring. Rekneskapan er sett vekk til eit eksternt rekneskapskontor. Gjerde gjekk gjennom budsjettet som gjeld for 2018 og forklarte dei ulike postane. Det store prosjektet dei jobbar med no, er bygging av ein ny fotballhall. Hallen er tenkt plassert vest for Hareid ungdomsskule, og vil få ytre mål på 75 x 50 meter, takhøgde 12,5 meter og ei speleflate på 60x40 meter. Kommunen skal stå for bygginga, dette p.g.a. momskompensasjon m.m., og idrettslaget skal betale leige til kommunen og får samtidig ein vegg i hallen som skal nyttast til reklame for å skaffe inntekter til laget. Planen er oppstart i løpet av hausten med ferdigstilling/klar til bruk i 2019. Totalkostnad for hallen er rekna til kr. 14.500.000,- og består av konsulentteneste kr. 500.000,-, grunnarbeid 1.500.000,- totalentreprise hall kr. 11.500.000,- og kunstgras kr. 1.000.000,- . Finansieringsplanen ser slik ut: Eigenkapital + tomt kr. 3.500.000,- spelemidlar kr. 3.700.000,- MVA-refusjon kr. 2.900.000,- sponing kr. 3.400.000,-. Differansen mellom, kostnader og inntekter på kr. 1.000.000,- + tomteverdi kr. 2.100.000,- kan bli Hareid kommune sin del av prosjektet.

## **Rotartymøtet 20. august 2018**

Presidenten ønskte velkomen til nytt møte og til opning song vi "Blant alle lande" Presidenten orienterte om Ryla som skal vere i Ulsteinvik seinare i år, der vi bør prøve å få med deltakarar. Han informerte også om brev om støtte til flomkatastrofen i India.

Program for kvelden var det Kari Løken som stod for, ho er kommunikasjonsansvarleg både i Rotary og Tafjord kraft, og medlem av Giske Rotary klubb. Ho er distrikt-trenar og leiar av kommunikasjonskomiteen i D2305.



Bruk av internett er no grunnlaget for all kommunikasjon i Rotary. Web-sidene til klubbane er viktige for marknadsføring av klubbane og viktig for både oss som medlemmar og for potensielt nye medlemmar. Løken gjekk så gjennom heimesida til D2305 og viste korleis ho er bygd opp og fungerer, spesielt bruk av kalender og oppdatering av nyheiter slik at sida heile tida er aktuell. Ho gjekk også inn på vår heimeside og såg på korleis ho er og kva som kan gjerast for å få ho endå betre. Vår side er begrensa, då det berre er medlemmane som kan bruke ho. Er ho open, kan fleire få adgang.

Kva er så den generelle utfordringa i klubbane for at heimesidene kan bli endå betre? Ho peika på desse utfordringane: Kapasitet, tid til å jobbe med dette, gode rutiner i klubbane på dette området, kompetanse til å gjere jobben.

Ho kom også innom Facebook som ein god kanal for å nå nye potensielle medlemmar, nesten 8 av 10 er på Facebook kvar dag. Målet er at alle klubbane i D-2305 skal vere på Facebook i løpet av året. Web og Facebook må spele på lag slik at innholdet er mest muleg likt. Rotary sine retningsliner gjeld for websida, men ikkje for Facebook, så der står ein litt friare til å vere meir uformell, med bruk av smilefjes, videoklipp, bilete, korte tekster, spre glede, like og kommentarmulegheiter og deling med andre.

### **Rotartymøtet 27. august 2018**

Programfritt møte , men presidenten oppmoda dei ulike komiteeane til å sette seg saman med styrekontaktene og snakke gjennom oppgåvene og legge planar framover.